Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Austrheim

Emne: Folkeleg musikkinstrument Bygdelag:

Oppskr. av: Lærar Anton Solheim Gard: Synnevåg

(adresse): Synnevåg G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spürsmål 1. 2 3. kan eg ikkje
gjeva noko svar på
Enkle måtar til å få fram smell
eller knall på har vore mange:
1. Da Ein kunne ta eit blad og smella
det i handa. eller ein blom. Dei
blomar som var mest nytta var
engsmella og blåklokka. Likeeins
fekk ein til smell med ei svepe.
men noko serskilte meiningar med
dette veit eg ikkje å nemna.
Det vart og vert ogsa nytta skot
ved ymse tider og ved festlege høve
Før vart det alltid nytta til skot
jonsokaftan før ein kveikte bålet.
Det hender seg ogsa at ein gjer dette
no. men trua til dette veit ikkje
noko.
Elles vart det i bryllaup skote for
brura. Det gjer ein med det same
brurfølget skal til kyrkja. Ein
skulle på den måten ynskja brura
ogsa brudgommen men til lukka

dessom

Det hende ogsò at brura ein gong hadde svike ein og teke ein annan. Den som då vart sviken kunne stundom skyta for brura, men han skaut då berre to skot og dette vart gjort for å gjera skam på brura.